

Ope brev nummer 2 om leksehjelp**16.09.2010****Til politikarar med fleire som bør kjenne utgiftene til leksehjelp**

For nokre veker sidan skreiv eg eit brev.


Eit brev om at alle elevar i 1.-4.klasse skal få tilbod om 2 timer pr. veke med gratis leksehjelp.

I brevet peika eg på at tilboden som er gratis for elevane ikkje er gratis for skulane. Eg kom fram til at ekstrautgifter til skyss, fagarbeidrarar og organisering av tilboden førebels er stipulert til kr. 67 100,- pr. skuleår ved Uskedalen skule.

Eg fekk gledeleg positiv tilbakemelding på brevet frå administrasjonen ved Rådhuset. Jorunn Toskedal, som er rådgjevar for spesialpedagogiske tiltak og SFO-tilboden, meinte det var veldig nyttig å få fram utgiftstala.

Her kjem difor fleire tal. Leksehjelp i SFO-tida betyr at mange elevar kjem i lågare betalingsgruppe i SFO. Tilbakemelding frå foreldre med barn som både har leksehjelp og SFO-tilbod, viser at skulen tapar kr. 39 400,-.

Eg ser at leksehjelpa er eit positivt tiltak for mange elevar, men det kostar Uskedalen skule **kr. 106 000,-** dette første året. Dersom denne summen ikkje vert tilført skulen, vil tilboden anten gå ut over annan aktivitet eller føre til underskot på rekneskapet.

**Vidar Haugland (verksamdsleiar)**